


# Peikeprate kvar dag




# Innhold

<b>Peikeprate med tematavler .....</b>	<b>3</b>
Sentrale omgrep .....	3
Di rolle som kommunikasjonspartner .....	4
Målsetjinga med ressursen .....	4
Om tematavlene .....	4
Vi har laga tematavler til følgjande tema: .....	5
Kjerneord .....	5
Bruk av ressursen .....	5
Fleire ord .....	6
Kva kan du seie? .....	6
Kva må du tenke på dersom du skal produsere tematavler sjølv? .....	7
Kan det bli for mange tematavler? .....	7
<b>Øv på å peikeprate .....</b>	<b>8</b>
Morgon-/kveldsrutine .....	9
Påkledning/skifte .....	10
Kjensler .....	11
Lage mat/bake .....	12
Måltid .....	13
Gå på tur .....	14
Bade .....	15
Lyttleik .....	16
Leike .....	17

Spele spel .....	18
Turn/trening .....	19
Fotball .....	20
Butikk .....	20
YouTube .....	22
Musikk .....	23
TV .....	24
Ringje/videochat .....	25
E-post/melding/chat .....	26

## Peikeprate med tematavler

Språk og kommunikasjon er nødvendig for å vere aktiv deltakar i eige liv, kunne lære og ha moglegheit til å utvikle seg i tråd med eigne føresetnader. Enkelte personar kan av ulike grunnar ikkje bruke talespråk for å uttrykke seg. Når talespråket manglar eller er mangelfullt er det nødvendig å supplere eller erstatte det med andre uttrykksformer som alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK). Personar som uttrykker seg med ASK er ASK-språklege. Når den ASK-språklege uttrykker seg med grafiske symbol peikar hen på grafiske symbol, og orda blir enten sagt av ein kommunikasjonspartner eller lest opp av ei talesyntese. Det kallast å peikeprate.



### Sentrale omgrep

- **Kommunikasjonspartner:** Den som samtalar med, i denne samanheng, den ASK-språklege. Det kan vere eit barn, medelev, nabo, foreldre, pedagog, tante, eller andre som er saman med den ASK-språklege.
- **Grafiske symbol:** Ulike typar teikningar som representerer ord, fraser eller setningar. Det finnest ulike grafiske symbolsystem, og dei ser forskjellige ut.
- **Tematavle:** Ein plansje eller tavle med ordforråd knytt til eit spesifikt tema. Tematavla skal alltid innehalde ord frå fleire ordklasser, og det skal vere råd å uttrykke seg med setningar.
- **Modellere:** Å vise korleis ein kan bruke ASK i kommunikasjon. I denne samanheng handlar det om å bruke tematavler i kommunikasjon med ASK-språklege.
- **Kjerneord:** Ord som er hyppig brukte, kan nyttas og er nyttige i mange situasjonar.
- **Kommunikative hensikter:** Formålet ein har med å kommunisere. Det kan for eksempel vere å stille spørsmål, protestere eller dele idéar. Kan og bli omtalt som talehandling.

## Di rolle som kommunikasjonspartner

Du som er saman med ASK-språklege er kommunikasjonspartnaren deira. ASK-språklege treng å vere i språkmiljø der deira uttrykksformer blir brukt. Dei lærer sin måte å uttrykke seg på ved å sjå, høyre og erfare at uttrykksformene er i bruk, samtidig som dei opplever at dei får respons på at det dei uttrykker har betydning. Vi som er saman med ASK-språklege må bruke deira uttrykksform. Ein god kommunikasjonspartner

- har kunnskap om kommunikasjon
- er medviten om kva som skal til for å skape samhandling
- tør og kan bruke ASK

Det er på same måte som når du snakkar med små barn som enno ikkje snakkar, du viser korleis du gjer det. Og når dei har lært seg litt, så utvidar du og støttar du dei til vidare bruk og læring av språket.

## Målsetjinga med ressursen

Med denne ressursen vil vi gje deg som er kommunikasjonspartner materiale som gjer at det er lett å kome i gang å kommunisere med ein ASK-språkleg som skal lære å uttrykke seg med grafiske symbol. Tematavlene er

meint som inspirasjon. Dersom den ASK-språklege har eit anna kommunikasjonshjelpemiddel, skal de fortsette å bruke det. Då kan kanskje tematavlene vere ei idébank for ordforråd. Dei skal ikkje vere erstatning for eit kommunikasjonshjelpemiddel som er i bruk. Dersom hen ikkje har eit eigna kommunikasjonshjelpemiddel er det viktig at de tar kontakt med Nav Hjelpemiddelsentral for å få rådgjeving kring dette.

## Om tematavlene

I denne ressursen får du forslag på tematavler i ulike storleikar og tema. Kwart tema har tematavler som er laga med 12, 20 og 35 grafiske symbol. Sannsynlegvis vil du erfare at det er lettast å ha oversikt over tematavlene med 12 grafiske symbol per side, men at du får til å seie meir med tematavlene der det er 35 grafiske symbol.

## Vi har laga tematavler til følgjande tema:

- Morgon-/kveldsrutine
- Påkledning/skifte
- Kjensler
- Lage mat/bake
- Måltid
- Gå på tur
- Bade
- Lytteleik
- Leike
- Spele spel
- Turn/trening
- Fotball
- Butikk
- YouTube
- Musikk
- TV
- Ringe/videochat
- E-post/melding/chat

## Kjerneord

Ordforrådet tar utgangspunkt i kjerneord, det er ord som kan brukast og er nyttige i mange ulike situasjonar. Vi har laga malar for dei ulike storleikane slik at du i så stor grad som råd kan finne igjen ord som går igjen på same stad på dei ulike tematavlene. Sjå for eksempel etter orda «ikkje» og «likar», og legg merke til kor det er plassert på dei ulike tematavlene. Vi har lagt vekt på at det skal vere tilgang på ord frå ulike ordklasser slik at det er råd å bygge setningar. Spørjeord er plassert heilt til venstre, deretter kjem pronomen, verb, substantiv, adjektiv og ev. andre ordklasser. Legg merke til at denne plasseringa av ordklassene gjev deg høve til å peike frå venstre til høgre.

Vi har prioritert vekk småord, så dei må du seie medan du peikar, slik at du uttrykker deg med fullstendige setningar.

## Bruk av ressursen

Når du skal bruke tematavlene, må du gjere nokre vurderingar. Vurder kva tema som er mest interessant for den som du brukar dei saman med. Vidare må du vurdere kva tematavle-storleik som passar! Det vil vere avhengig av språkleg utviklingsnivå, men syn og motorikk er og viktig. Skriv deretter ut dei tematavlene du vil bruke. Om du er usikker på kva som passar best så prøv deg fram. Di modellering skal vere litt meir avansert enn det hen meistrar. Det betyr at

dersom hen er på eit-ordsnivå, så peikepratar du med to, eller tre ord. Dersom hen kan bruke tre ord, så peikepratar du med fire eller fem ord. Hen forstår ikkje alle orda med ein gong, men det er viktig at vi ligg eit skritt framfor når vi modellerer. Tenk på same måte som når du snakkar til eit barn som brukar talespråk og er tidleg i si språkutvikling; vi brukar mange ord hen ikkje forstår. Vurder både kva du og hen får til å seie, korleis synet til den ASK-språklege er, og på kva måte hen kan peike ut ord mest mogleg sjølvstendig. Ikkje minst vil du gjennom bruken få erfaringar med kor interessant dei ulike tema er, og kva den enkelte treng av støtte frå deg.

Ver merksam på at det kan ta ulik tid før den som uttrykker seg med ASK sjølv peikepratar. Nokre kjem fort i gang, medan andre treng lenger tid.

Det er viktig at de parallelt med utprøving også kartlegg, både formelt og uformelt. Ta kontakt med PPT dersom de ikkje veit korleis de skal gjere det.

## Fleire ord

Ei tematavle vil aldri ha nok ord, det vil alltid vere nokon ord vi ikkje har tenkt på, eller som det ikkje har vore plass til. Då er der eit grafisk symbol (fleire ord) på dei fleste tematavlene som du kan peike på for å synleggjere det. Då kan det vere at du finn det ordet du treng på ei av dei andre tematavlene, eller du må notere det ned, slik at de kan gjere det tilgjengeleg.

## Kva kan du seie?

Vi har laga nokre forslag til kva du kan seie med dei ulike tematavlene. Dette er for at du skal kunne øve deg og få ei oversikt over kor dei ulike grafiske symbola er plasserte, men også for å inspirere deg til å sjå breidda i kva du kan uttrykke med relativt få ord. Øvesetningane finn du på slutten av denne PDFen.

Om du ønskjer å ha tilgang på alle tematavlene kan det vere lurt å sette dei saman til ei lita bok. For å holde oversikt på kor du finn dei ulike tema anbefalar vi deg å lage «flippar» på sidene der det står kva tematavle som er der. På den måten kan du lettare gå frå side til side.



## Kva må du tenke på dersom du skal produsere tematavler sjølv?

Vi har heilt sikkert ikkje laga alle dei tematavlene de treng i dykkar kvardag. Dersom du vil lage eigne tematavler har vi nokre råd til deg.

- Lag deg ein god mal, bruk gjerne dei vi har i denne ressursen
- Synleggjer tema for tematavla
- Bruk ord frå ulike ordklasser
- Legg inn ord som gjer at det er råd å sette saman minst to ord til ei setning
- Tenk setningsstruktur når du plasserer orda
- Sett inn like ord på same plass på dei ulike tematavlene
- Bruk same grafiske symbol for orda, for eksempel «ikkje»

## Kan det bli for mange tematavler?

Ja, det kan bli for mange tematavler. Vi rådar deg til å vere medviten om kor mange tematavler det er nyttig å ha. Dersom det blir veldig mange vil det vere krevjande å halde oversikt. Svaret er ikkje at ein ikkje skal produsere tematavler, men å vurdere å gå over til ei kommunikasjonsbok, enten i papir eller på ei talemaskin slik at ein får tilgang på eit større samla ordforråd. Lær meir om: [Alternativ og supplerande kommunikasjon \(ASK\) på statped.no](https://statped.no/alternativ-og-supplerande-kommunikasjon-ask).

## Øv på å peikeprate

Her finn du forslag til setningar som du kan seie med utgangspunkt i tematavlene. Øv deg først med våre forslag, så ser du at etterkvart som du brukar tematavlene vil det vere lettare å lage nye setningar. Orda som står i parentes finn du ikkje på tematavlene, dei seier du for å seie ei grammatisk rett ytring.



# Morgon-/kveldsrutine

## 12 grafiske symbol

Du (må) sove.

Du likar (å) sove.

Eg likar ikkje vaske meg.

Eg vil sove meir.

Du (er) ferdig (å) pusse tenner.

## 20 grafiske symbol

Kan du hjelpe meg?

Kven vil hjelpe meg?

Du må stå opp!

Eg må hjelpe deg (å) pusse tenner.

Eg likar ikkje (å) stå opp!

## 35 grafiske symbol


Kvifor må eg stå opp?

Eg (er) sjuk, eg kan ikkje dra på skulen i dag.

Kvifor må eg dra på skulen?

Eg vil ikkje (gå) på jobb meir! (Det er) ikkje morosamt.

Kvifor (er) du) nervøs i dag?



## Påkledning/skifte

### 12 grafiske symbol

Du må kle på deg.

Vil du (ha) hjelp?

Du vil (ha) hjelp.

Du (synes det er) vanskeleg (å) kle på.

Eg (er) ferdig (å) kle på deg.

### 20 grafiske symbol

Kva vil du kle på deg?

Du treng (å) skifte!

Eg kan hjelpe deg no.

Du likar ikkje (å) kle på deg.

Eg kan hjelpe deg (å) skifte.

### 35 grafiske symbol

Kan du hjelpe meg (å) skifte no?

Eg vil (ha) rein t-skjorte.

Sokkane dine (er) våte, du må finne deg reine sokkar.

Kvifor må eg skifte (og) kle på meg kjole? Eg likar ikkje kjole!

Fin t-skjorte! Du (er) kul!



# Kjensler

## 12 grafiske symbol

Eg (og) du likar ...

Du likar ikkje ...

Er du sint?

Er du glad?

Kva likar du?

## 20 grafiske symbol

Vil du fortelje meg?

Kan eg hjelpe deg?

Kven er du?

Korleis kan eg hjelpe?

Eg likar ikkje, eg er ferdig!

## 35 grafiske symbol

Korleis føler du (deg)?

Eg tenkjer du er skuffa.

Eg føler meg ikkje bra.

Eg høyrer ikkje!

Eg ser (at) du er lykkeleg.

## Lage mat/bake

12 grafiske symbol	20 grafiske symbol	35 grafiske symbol
Kva vil du lage?	Når kan vi bake?	Når kan vi lage meir mat?
Vil du lage mat?	Kor kan vi lage mat?	Eg vil lage, fleire ord ...
Du likar (å) smake.	Vil du røre?	Du vil ikkje lage meir mat.
Du vil (ha) meir!	Vil du (ha) hjelp?	Kan du hjelpe meg (å) røre litt meir?
(Kan) du hjelpe meg?	Kven vil lage mat?	Kva er (den) beste maten du (har) smakt?



# Måltid

## 12 grafiske symbol

## 20 grafiske symbol

## 35 grafiske symbol

Vil du (ha) mat?

Kan vi ete?

Eg (er) sulten. Når kan vi ete?

Du likar maten!

Kan du hjelpe meg?

Maten smakar godt, kan eg (få) meir?

Meir mat!

Eg likar ikkje maten!

Eg (er) mett, takk (for) maten.

Eg vil fortelje (noko)

Eg vil fortelje, fleire ord ...

Eg vil ikkje ete meir, eg (er) ferdig.

Kva vil du ete?

Kan eg (få) drikke?

Kan du hjelpe meg (å) dekke bordet?



## Gå på tur



12 grafiske symbol

Du (og) eg (skal) gå tur.

Eg likar ikkje tur!

Kva no?

Ferdig (å) gå (på) tur.

Kva vil du?

20 grafiske symbol

Kor likar du (å) gå?

Eg likar (å) hoppe i sølepytten.

No skal vi gå på tur!

Kven vil gå på tur?

Eg vil finne (ein) sølepytt.

35 grafiske symbol

Kor vil du gå på tur?

Kvifor (må) eg gå på tur? Eg likar ikkje tur!

Vi gjekk (ein) fin tur i skogen.

Eg hørde fuglar i skogen.

Eg såg (ein) liten fugl i skogen.

# Bade

12 grafiske symbol

20 grafiske symbol

35 grafiske symbol

Eg vil bade!

No kan du vaske.

Kan du (ta) såpe i?

Eg likar (å) plaske.

Eg likar ikkje (å) plaske.

Kor varmt?

Vil du bade?

Plaske meir!

Kan du hjelpe meg?

Du (er) skitten!

Kan du vente?

Ekkelt skum!

(Er) du ferdig?

Vil du bade no?

Eg vil ikkje dusje!



# Lytteleik

12 grafiske symbol	20 grafiske symbol	35 grafiske symbol
Høyr, kva lyd (er det)?	Hysj, høyrer du lyden?	No ser eg kva lyd det er, veit du kva det er?
Høyrer du lyden?	Høyr, kva lyd er det?	Det var høg lyd, du liker ikkje høge lydar.
Ser du kva (som lagar) lyd?	No (skal) vi leite (etter) lyden.	Hysj, (kan) du høyre lyden, er det fuglar (som) syng?
Du høyrer (ein) lyd?	No ser eg kva som (lagar) lyden.	Kva trur du det er (som lagar) lyd, eg trur det er vatn.
Eg likar å leite (etter) lydar.	Er det du (som lagar) lyden?	Eg vil ikkje leite (etter) lydar ein gong til, det er kjedeleg.

# Leike

## 12 grafiske symbol

## 20 grafiske symbol

## 35 grafiske symbol

Eg vil leike no!

Kan vi leike saman?

Sjå, no (er det) din tur.

Kva vil du leike?

Eg vil velje kva vi (skal) leike!

Kven vil du leike saman (med)?

Eg likar (å) leike!

Du vil ikkje leike. Du (er) ferdig!

Kvifor kranglar du (og) venen din no?

Du (kan) velje kva du vil leike.

Kva vil du leike no?

Eg vil ikkje bygge, eg vil leike noko anna.

Eg vil leike saman (med) deg

Kor vil du leike, ute (eller) inne?

(Det er) urettferdig (at) ikkje eg (får) velje kva vi (skal) leike!

## Spele spel

12 grafiske symbol	20 grafiske symbol	35 grafiske symbol
Eg vil spele.	No (er) det din tur.	Kva spelebrikke vil du velje?
Kva spel vel du?	Du (må) vente, det (er) ikkje din tur.	Det (er) ikkje morosamt (å) tape!
Eg vel det spelet.	Eg likar ikkje (å) vente (på) tur!	Kven (er) det (sin) tur (å) trille terningar (no)?
Du vil ikkje spele.	Vil du spele det ein gong til?	Kvifor (er) det ikkje min tur?
Eg ser (at) du vil velje.	No (er) vi ferdig (å) spele.	Eg vil ikkje spele memory, eg vil spele kort.

## Turn/trening

12 grafiske symbol	20 grafiske symbol	35 grafiske symbol
Eg likar (å) hoppe.	Kven vil trene?	Eg skal rulle (dit og) klatre opp.
Kva likar du?	Vil du springe (eller) hoppe?	Kult (at) du kan stå på eit bein!
Du klatrar.	Eg vil meir!	Eg likar ikkje (å) vente. (Det er) kjedeleg!
Du (må) ikkje klatre (her)!	Kor kan eg springe?	Skal eg hjelpe deg opp?
Eg vil trene.	Du kan ikkje no.	Eg vil velje no.

# Fotball

<b>12 grafiske symbol</b>	<b>20 grafiske symbol</b>	<b>35 grafiske symbol</b>
Vil du sparke fotball?	Kva for ein fotballspelar likar du?	Kan du nikke fotballen?
Eg ser ikkje!	Fotballspelaren scora mål!	Laget eg likar vinn!
Kven sparka fotballen?	Eg vil sparke fotball!	Dommaren (er) urettferdig!
Sparke (i) mål!	Sjå! Fotballspelaren sparka fotballen (i) mål!	Fotballspelaren (er) skada.
Kven likar du?	Sparke ein gong til!	(Er) du nervøs?

# Butikk



## 12 grafiske symbol

## 20 grafiske symbol

## 35 grafiske symbol

Eg vil velje!

Kor kan vi betale?

Eg vil kjøpe meir mat. Eg vil velje, fleire ord ...

Kva kan eg kjøpe?

Når kan eg kjøpe mat?

Kan du hjelpe meg (å) legge maten i handlevogna?

Eg likar mat.

Kan du hjelpe meg (å) velje?

Oi! Eg hugsa ikkje handlelista.

Du kan velje.

Vi kan ikkje kjøpe meir mat.

Kva kostar godteriet?

Eg kan ikkje kjøpe meir.

Vi kan ikkje kjøpe meir. Vi (er) ferdig no!

Urettferdig (at) eg ikkje kan kjøpe mykje godteri!

# YouTube

## 12 grafiske symbol

Eg vil sjå (på) YouTube.

Kva vil du sjå?

Kan eg velje?

Eg (er) ferdig!

Eg likar YouTube.

## 20 grafiske symbol

Eg vil sjå meir!

Skal vi sjå noko anna?

Kan du hjelpe meg?

Kva likar du (å) sjå (på) YouTube?

Skal vi sjå?

## 35 grafiske symbol

Eg vil sjå sport.

Kvifor kan ikkje eg sjå (på) sminke?

Kan du finne musikk?

Kan du finne noko anna?

Den (er) kjedeleg!



# Musikk

12 grafiske symbol	20 grafiske symbol	35 grafiske symbol
Kva vil du høyre?	Kva artist likar du?	No kan du velge musikktype.
Eg vil velje musikk.	Eg vil høyre musikk!	Kan du (ta) lyden opp?
Vil du danse?	Eg likar ikkje musikken!	Eg vil høyre ny musikk.
Eg vil ikkje høyre (meir)!	Kan vi danse?	Kul musikk, eg vil danse!
Eg likar ikkje (å) danse.	Vil du høyre meir?	Kjedeleg! Eg vil velje!



# TV

12 grafiske symbol	20 grafiske symbol	35 grafiske symbol
Eg vil sjå TV!	Kva skal vi sjå (på) TV?	Kan du skru på pause?
Kva likar du?	Kan eg sjå meir (på) TV?	Eg høyrer ikkje!
Kan eg sjå TV?	Eg likar ikkje (å) velje.	Kan eg skru opp lyden?
Fleire ord!	Kven skal velje kva vi skal sjå?	Det (er) kjedeleg!
Du kan velje.	Du (må) vente!	Kvifor skal du velje?



## Ringe/videochat



12 grafiske symbol

20 grafiske symbol

35 grafiske symbol

Eg vil ringe!

Vil du spørje?

Skal vi treffast i dag?

Vil du fortelje?

Eg vil fortelje meir.

Eg vil gå tur (og) leike.

Kven vil du ringe?

Kor (er) du?

Eg saknar deg!

Eg likar ikkje videochat!

Eg vil vi skal ringe.

Ein anna dag skal vi ringe meir.

No (er) eg ferdig.

Kva skal du no?

Kven skal vi videochat(e) (med)?

## E-post/melding/chat

12 grafiske symbol	20 grafiske symbol	35 grafiske symbol
Eg likar ...	Kva vil du?	Eg likar sosiale medier.
Kva vil du skrive?	Eg vil skrive meir.	Eg vil skrive tekstmelding.
Kven vil du sende (til)?	Vil du sjå?	Kan vi chatte?
Eg vil fortelje ...	Eg vil ikkje meir!	Eg vil velje noke anna!
Kva vil du?	Kan du spørje?	Bra (at) du sende tekstmelding i dag.

